

## **Saksprotokoll 13.05.2020 - hovudutval for opplæring og kompetanse**

**Kristina Vaktskjold Hamre, Krf**, sette på vegner av KrF, A, SP, SV og MDG fram slikt tilleggsforslag:

«Nytt punkt 6:

I det vidare arbeidet med planen ber OPPKO rådmannen vurdere korleis skulebiblioteka kan inngå i open-skule-prinsippet jfr RS 14/20.

Nytt punkt 7:

Arbeidet med med strategi for utvikling av skulebibliotek i videregåandeopplæring i Vestland fylkeskommune bør sjåst i sammenheng med arbeidet som er i gang med eit mål-og strategidokument for vidaregåande utdanning i Vestland fylke.»

**Jeanette Syversen, R**, sette fram slikt tilleggsforslag:

«Tillegg til punkt 4.

Arbeidet med utvikling av skulebiblioteka, må vurderast som eit områdeløft i samarbeid med kommunane. I områder der fylkeskommunen har skuledrift og som statistisk scorar lågt på levekårsundersøkinga er dette spesielt viktig å sjå på mogeligheter for at skulebiblioteka kan ha ein sosialt utjamnande rolle.»

### **Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Tilleggsforslaget frå Syversen fekk ei røyst ( R ) og falt.

Hamre sitt tilleggsforslag vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Det skal utarbeidast ein strategisk plan for utvikling av skulebiblioteka i vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune.
2. Planen bør ha vekt på
  - a. bruk av skulebiblioteket som pedagogisk ressurs for den enkelte skule
  - b. skulebiblioteket som studieverkstad og arena for arbeid under rettleiing
  - c. samarbeid mellom skulebibliotek og kommunale bibliotek
  - d. potensialet for skulebiblioteket som arena for demokrati og danning
3. Planen må vise korleis ein kan ivareta koordinering, kompetanseutvikling og nettverksarbeid for utvikling av biblioteknester i Vestland fylkeskommune
4. Planen må peike på samla ressursbehov og korleis tenesta kan finansierast utanfor skulen sitt budsjett
5. Fylkesrådmannen organiserer planarbeidet i Avdeling kultur, idrett og inkludering og Avdeling opplæring og kompetanse. I planprosessen skal skular, elevar og bibliotekpersonale involverast.
6. I det vidare arbeidet med planen ber OPPKO rådmannen vurdere korleis skulebiblioteka kan inngå i open-skule-prinsippet jfr RS 14/20.
7. Arbeidet med med strategi for utvikling av skulebibliotek i videregåandeopplæring i Vestland fylkeskommune bør sjåst i sammenheng med arbeidet som er i gang med eit mål-og strategidokument for vidaregåande utdanning i Vestland fylke.»